

Kan vi få vaska bilen din?

10.04.2015



Kan vi få vaska bilen din? Spørsmålet kjem ifrå Camilla, Amalie, Ida Marie, Caroline, Andrea, Hanna og Thea - rekna frå venstre.

Sjuandeklassa ved skulen i Uskedalen er kanskje ikkje heilt som andre klassar. Den består av 4 firma som kan ta på seg mange slags oppdrag. No om dagen går det mykje i bilvask, fortel administrerende direktør Andrea. Men hennar firma kan også til dømes lage middag eller lunsj og passe barn og hundar.

**Dei 7 trettenåringane verkar innsatsvillige og ryddige og det er ikkje tvil om målsetjinga. Dei skal halda firmaet igang også når dei har flytta til ungdomsskulen i Rosendal, tjene pengar til å køyra med dobbeltdekkarbus i Bergen og finansiera ein skikkeleg fest ved skuleslutt. Og så vil dei satsa på felles aktivitetar som fotball.
- Men dykk har vel også nokre viktige og overordna prinsipp å driva etter?**

- Det er viktig for oss å gjera godt arbeid slik at vi får fornøgdte kunder. Godt samhold i firmaet og gode priser er også viktige punkt, seier administrerende direktør med tislutning av styremedlemmene Caroline og Hanna. Og apropos prisar: Bilvask både inne og ute kostar 200 kroner og førebels har firmaset vaska 10 bilar.

I dag får lærarane middag som firmaet har laga og lærar Åse har også inne ein middagsordre. Marknadsføringa fungerer tydelegvis også godt. Den skjer mellom anna ved oppslag på Spar der jentene kjem med appellen NYT VÅREN VI TAR GÅRDEN og lokkar med mailadressa Uskedalsvasken@gmail.com samt telefonnumra 948 27214, 41440819 og 48047188.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.